



Bakgrunn for vedtak

Hamre genbank – uttak av vatn og regulering av Gjerdsetvatnet

Rauma kommune i Møre og Romsdal fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Ole Magnar Hamre
Referanse	201906241-19
Dato	24.10.2023
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING	6
4	NVE SI VURDERING	10
5	NVE SIN KONKLUSJON.....	17
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	18
7	MERKNADAR TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA.....	19
8	VEDLEGG	22

1 Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn og regulere Gjerdssetvatnet i Rauma kommune.

Hamre genbank er eit eksisterande anlegg og dagens tilførsel av vatn vart etablert då anlegget starta opp som Hamre settefisk i 1987. I 2013 vart settefiskanlegget omgjort til genbank. Hamre genbank har i dag, etter oppdrag frå Miljødirektoratet, ansvaret for å ivareta to stammar av sjøaure og sjørøye frå Skibotnregionen, og også to stammar av sjøaure frå Drivaregionen. I dag vert det praktisert eit reguleringsregime med HRV på kote 35 og LRV kote 34.

NVE fatta vedtak den 23.9.2015 om at uttak av vatn til genbanken er konsesjonspliktig.

Hamre genbank søker no om løyve til å ta ut inntil 9 m³/min (150 l/s) og regulering av Gjerdssetvatnet mellom kote 35,00 (HRV) og kote 33,85 (LRV). Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring.

Rauma kommune ser viktigheita av å ha ein genbank som ivaretek villaksen. Kommunen meiner det er viktig at det vert oppretthalde ei minstevassføring i elva for å sikre at den økologiske tilstanden ikkje vert forverra. **Statsforvaltaren i Møre og Romsdal** viser til at verdien for samfunnet er tungtvegande då genbankdrifta gjer det mogleg å ta vare på unike stammar og deira genetiske variasjon. Statsforvaltaren meiner det bør sleppast minstevassføring og ber om ei nærare vurdering av kva som skal til for å kunne sikre dette. **Møre og Romsdal fylkeskommune** skriv at Hamreelva har moderat økologisk tilstand, med risiko om å ikkje nå miljømålet om god økologisk tilstand som følge av eksisterande vassuttak og regulering av Gjerdssetvatnet. Fylkeskommunen viser til at Gjerdssetvassdraget historisk har vore eit viktig vassdrag for ål. Dei meiner at kompenserte tiltak for å lette oppvandring, samt eventuelle habitatforbetrande tiltak for ål bør vurderast. Fylkeskommunen meiner at dersom NVE, med omsyn til samfunnsnytte i form av ivaretaking av verdifulle sjøaure- og sjørøystammar, gjev konsesjon utan krav til minstevassføring, må dette vere eit tidsavgrensa løyve som berre gjeld så lenge føremålet er genbank. I det dette samfunnsoppdraget opphøyrer må konsesjonen ha standardvilkår om minstevassføring. **FNF Møre og Romsdal** viser til at ein konsesjon må følge dagens krav til vilkår og det må settast krav til minstevassføring med tanke på biologisk mangfald og for å sikre vandringsvegen for ål. **Jann Helge Stensland** viser til privatrettsleg avtale mellom Hamre genbank og grunneigarar frå 2021. Det er viktig for grunneigarar at HRV ikkje overstig HRV på 34,85 m og 35,0 m til dei ulike årstidene, jf. krav i den privatrettslege avtalen. Det blir vist til at ål vandrar opp Hamreelva til Gjerdssetvatnet. Ein ev. konsesjon må innehalde tiltak som legg til rette for at ål kan vandre.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til genbanken må dei samla ulempe

ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at Hamre genbank sitt anlegg gjer det mogleg å ta vare på unike stammar av laks, sjøaure og sjørøye, og deira genetiske variasjon. Inngrep med dam, vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta til landbasert oppdrett sidan 1987. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer at dei største ulempene er knytt til biologisk mangfald med tidvis tørrlegging av Hamreelva. NVE meiner at det bør sleppast ei minstevassføring slik at vassdraget ikkje vert tørrlagt.

Den største innverknaden på landskap vil vere sjølve reguleringa av Gjerdsetvatnet, som vil gi noko endra vasstand i løpet av året. Dette vil påverke landskapsbilete noko, men NVE vurderer likevel at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

Ut i frå informasjon frå søknad, høyringsuttalar og synfaring vurderer NVE at Hamreelva har ein viktig funksjon som vandringsveg for ål. Vassføring i elva er vidare viktig for å ivareta produksjonen av botndyr og vasslevande insekt. NVE vurderer at krav til minstevassføring bør setjast noko lågare enn berekna lågvassføringar for å sikre ein magasinreserve og unngå auka regulering av Gjerdsetvatnet. NVE meiner at det bør sleppast minstevassføring på 25 l/s heile året for å oppretthalde noko av elva sin økologiske funksjon og sikre vandringsvegen for ål. NVE meiner det er rom for slepp av minstevassføring på 25 l/s innanfor den omsøkte reguleringa av Gjerdsetvatnet på 1,15 m mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85.

Det må leggst til rette for at ål kan vandre ved slepp av minstevassføring og små vassføringar over dammen. Minstevassføringsslepp frå Gjerdsetvatn må konstruerast og plasserast slik at det også kan fungere som passasje for utvandrande ål. Med føresetnad om slepp av minstevassføring og at avbøtande tiltak for ål vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Hamre genbank, datert 01.05.2021:

«Hamre genbank ønsker å utnytte vann fra Hamreelva i Rauma kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- *uttak av vann inntil 9 m³/min til Hamre genbank i Rauma kommune, Møre og Romsdal fylke*
- *regulering av Gjerdsetvatnet mellom kote 35,00 (HRV) og kote 33,85 (LRV), tilsvarende et volum på 0,61 mill. m³*

Det er inngått avtale med samtlige berørte grunneiere rundt Gjerdsetvatnet og langs dam, rør og akvakulturanlegg.

Det søkes om varig konsesjon.

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

2.1 Hovuddata for Hamre genbank

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	9,1	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	9,0	
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	31,5	
Middelvassføring	l/s	290	
Alminneleg lågvassføring	l/s	70	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	50	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	60	

HAMRE GENBANK

Inntak	moh.	35	
Avlaup	moh.	5	
Lengde på påverka elvestrekning	m	400	
Lengde på vassleidning	m	400/450	ordinær/reserve
Tal røyr vassleidningen består av	stk	2	
Vassleidning, diameter	mm	315/400	ordinær/reserve
Inntaksdybde ordinær vassleidning	m	5 og 20	
Inntaksdybde reserve vassleidning	m	8	
Maksimalt vassuttak	l/s	150	9,0 m ³ /min
Midlare vassuttak	l/s	92	5,5 m ³ /min
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	0	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	0	
Maksimalt tal smolt/fisk			

MAGASIN GJERDSETVATNET

Magasinvolum*	mill. m ³	0,68	
HRV**	moh.	35,00	
LRV	moh.	33,85	

* Reduserast til 0,58 mill. m³ i perioden 1.april - 1.sept.

** Seinkast til 34,85 moh. i perioden 1.april - 1.sept. etter avtale med grunneigarane

2.2 Om søkjar

Ola Magnar Hamre eig og driv Hamre genbank på oppdrag for Miljødirektoratet. Hamre genbank har i dag ansvaret for å ivareta to sjøaure- og sjørøyestammar frå Skibotnregionen i Troms, samt to sjøaurestammar frå Drivaregenen.

Hamre genbank har tidlegare hatt ansvaret for sjøaurestammene i Raumaregenen saman med Herje genbank. Vassdraga i Raumaregenen vart i 2013 og 2014 kjemisk behandla for å bekjempe parasitten *G. Salaris* då behandlinga i 1993 var mislukka. Reetableringa av fiskebestandane i Rauma starta våren 2015. Vassdraga i Skibotnregionen vart i 2015 og 2016 kjemisk behandla for å bekjempe *G. Salaris*. Vassdraga i Drivaregenen skal behandlast mot *G. Salaris* i 2023/2024.

2.3 Skildring av området

Vassuttaket til genbanken er frå Gjerdsetvatnet, i Rauma kommune. Rauma kommune ligg i indre Romsdalen, og har ca. 7500 innbyggjarar. Administrasjonssenteret er Åndalsnes. Prosjektområdet ligg ca. 14 km nordvest for Åndalsnes.

Området er dominert av landbruksareal med spreidd busetnad. Det er i hovudsak grasproduksjon og beitemark. Det er skogkledd haugar og lier i landskapet og grøntareal langs vassdrag. Det er fleire

aktive gardsbruk med storfe og sau. Jordbruket følgjer stort sett marine avsetningar. Det er mest dyrka mark på nord- og austsida av Gjerdsetvatnet. På sørsida er det meir skog, men innslag av dyrka mark.

2.4 Eksisterande inngrep

I dag vert Gjerdsetvatnet regulert éin meter ved at vasstanden vert seinka frå normalvasstand. Gjerdsetvatnet har i ulik grad vore regulert sidan midten av 1600-talet. Det er gamle vassrettar som gjer det mogleg å regulere Gjerdsetvatnet med ca. éin meter, eller bortimot 1,8 meter om ein tøyer grensene i tråd med gamle dokument.

Fram til 1968 var det eit kraftverk i Hamreelva. I 1986 vart det etablert ei verksemd med settefisk, og ein gamal demning av stein og plank vart erstatta med ein demning i betong bygd på same kotehøgde som den gamle. Gjerdsetvatnet vart då regulert éin meter. Dagens vassuttak vart etablert då anlegget starta opp som Hamre settefisk i 1987. I 2013 vart settefiskanlegget omgjort til genbank.

Vasstanden har i alle desse åra blitt halde høgt (nær dagens praktiserande HRV på 35.0 moh.) i Gjerdsetvatnet, då reserve-kapasitet på vatn har høg prioritet. Denne praksisen er tenkt vidareført. Dagens reguleringsmagasin mellom praktiserande HRV kote 35 og LRV kote 34 utgjer eit volum på 0,61 mill. m³.

Det ordinære inntaket og vassleidningen som genbanken nyttar i dag er planlagt brukt vidare. Med tanke på driftssikkerheit av anlegget som genbank vart det etablert ein reservevassleidning i 2018.

Det er bygd veg til inntak og anlegget i si heilheit. På sørsida av Hamreelva er det ein grusveg frå sjøen og opp forbi dam og nytt ventilhus. Vegen går vidare gjennom eit beiteområde på sørsida av Hamreelva. Det er tre bruer over Hamreelva.

Gjerdsetvatnet har sidan 1960-tallet også vore brukt som drikkevasskjelde for tre husstandar, samt fjøs (mjølkeproduksjon).

2.5 Teknisk plan

Det tekniske anlegget består av inntak, dam, vassleidning (PE-rør) og genbank.

Ordinært anlegg:

På slutten av 1980-talet vart det bygd ein dam, to inntak og vassleidning Ø315 ned til sjøen. Dei to inntaka har ulik djupne der det eine ligg på 20 m djupne og det andre på 5 m djupne.

Nytt reserveanlegg:

Etter oppfordring frå Miljødirektoratet vart det i 2018 bygd nytt inntak og ny vassleidning Ø400 frå Gjerdsetvatnet til genbanken. Det nye inntaket er på 8 m djupne.

Primært vert det ordinære anlegget for vasstilførsel nytta i den daglege drifta. Årsaka til dette, er at det gir moglegheit for varmeveksling med sjøvatn, samt at det kan hentast inn ferskvatn frå ulike djupne- og temperaturnivå. Nytt reserveanlegg vert nytta berre i ekstraordinære situasjonar.

Topp rør for eksisterande ordinære vassleidning er 33,80 moh. Dette gjer det mogleg å seinka magasinet ned mot 33,85 moh i sommarhalvåret etter avtale med grunneigarar.

2.5.1 Regulering

Det vert søkt om 1,15 m regulering av Gjerdsetvatnet mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85. Dette svarar til eit magasinivolum på 0,68 mill. m³. I tråd med avtale med grunneigarane kan vasstanden hevast til maks 34,85 moh. i perioden 1.april-1.september.

Det har ikkje vore utført vasstandsregistrering i Gjerdsetvatnet sidan dammen vart bygd i 1988. Vasstanden har i all hovudsak blitt halde opp mot HRV for å sikre magasinkapasitet. Denne reguleringsstrategien vert vidareført.

2.5.2 Inntak

Ordinært inntak:

Det er etablert to inntak. Frå dammen går det to røyr ut i Gjerdsetvatnet. Det eine røyrinntaket er 150 m frå dammen og inntaket ligg på 5 m djupne. Det andre røyrinntaket er 400 m frå dammen og inntaket ligg på 20 m djupne.

Eksisterande demning (frå 1986/-87) er bygd om lag ein meter lenger ned i elva samanlikna med den gamle tredemningen. Eksisterande dam er 8 m x 2 m (lengde x høgde). Ved hjelp av luker kan vasstanden seinkast 30 cm under overløpet på kote 35,00 moh. Dette anlegget vil bli nytta vidare.

Reserve inntak:

For reserveanlegget er det berre eitt inntak. Det er 220 m frå dammen til inntaket som ligg på 8 m djupne.

Generell info om inntaka:

For både ordinært inntak og reserveanlegg er det som reinsetiltak sett på ein sil på kvart røyr i Gjerdsetvatnet. Lysopning på silane er 8 mm.

Ca. 10 m søraust for dammen er det bygd eit ventilhus med storleik ca. 2,5 m x 2,5 m over opne- og stengeventilen.

2.5.3 Vassveg

Ordinær vassleidning:

Den ordinære vassleidningen består av 400 m PE-røyr med diameter 315 mm. Sett frå dammen er det 50 m nedgrave røyr på sørsida av elva før vassleidningen kryssar under Hamreelva og fortset som nedgrave røyr fram til genbanken.

Reservevassleidning:

Frå dammen består reservevassleidningen av 450 m PE-røyr med diameter 400 mm. Vassleidningen er nedgrave i eksisterande som går langsetter Hamreelva. Ca. 10 m oppstraums Hamreelva sitt utløp i sjøen, kryssar vassleidningen under Hamreelva og er kopla til eksisterande røyrsystem som går opp til genbanken.

2.5.4 Veg

Det er bygd veg til både anlegg og inntaksdam. På sørsida av Hamreelva er det ein grusveg frå sjøen og opp forbi dam og ventilhus. Vegen går gjennom eit beiteområde på sørsida av Hamreelva, og grusvegen er avstengt med grinder. Det er tre bruer over Hamreelva.

Det vil ikkje bli etablert nye vegar i området i samband med Hamre genbank.

2.5.5 Massetak og deponi

Det vil ikkje bli behov for nye massetak eller deponi i samband med tiltaket.

2.5.6 Drift av genbanken og vassforbruk

Genbanken er i drift, og det er ingen planar om auka eller redusert vassuttak til genbanken. Det er lagt til rette for bruk av naudvatn i genbanken, men dagleg drift kan ikkje baserast på desse løysingane.

2.6 Forholdet til offentlege planar

2.6.1 Kommuneplan

Heile prosjektområdet ligg i kommuneplanen sin arealdel i eit LNFR-område (sprett bustad-, fritid-, og næringsbygg samt reindrift).

2.6.2 Verneplan for vassdrag

Hamreelva er ikkje et verna vassdrag.

2.6.3 Nasjonale laksevassdrag

Hamreelva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag. Nærmaste nasjonale laksevassdrag er Rauma. Genbanken bidreg til å sikre og ta vare på Raumalaksen.

2.6.4 Andre planar eller verneområde

Det er ingen andre kjente planar for prosjektområdet.

2.6.5 EU sitt vassdirektiv

I Vann-Nett (vann-nett.no) er Gjerdsetvatnet (ID: NO103-31341-L) satt til god økologisk tilstand. Hamreelva (Gjerdsetelva) (ID NO103-259-R) satt i moderat økologisk tilstand, med risiko om å ikkje nå miljømålet om god økologisk tilstand som følge av eksisterande vassuttak og regulering av Gjerdsetvatnet. Hamreelva er registrert med påverknad «Vannuttak eller overføring for fiskeoppdrett» med effekt «Endret habitat som følge av hydrologiske endringer».

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 10.08.2022 saman med representantar for tiltakshavar, Veterinærinstituttet, Fylkeskommunen, NJFF, FNF Møre og Romsdal og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skriv følgjande i deira konklusjon:

«Konklusjon

Det er naudsynt å sikre uttak av vatn til genbanken. Levande genbank for sjøaure og sjørøye blir drifta for å oppfylle nasjonale og internasjonale pliktar på miljøområdet. Genbankdrifta gjer det mogleg å ta vare på unike stammar og deira genetiske variasjon dei åra det blir gjort tiltak i dei respektive vassdraga. Det samfunnsmessige omsynet er derfor tungtvegande.

Vi vil likevel be om ei nærare vurdering av kva som skal til for å kunne sleppe minstevassføring. Ein konsesjon utan minstevassføring kan føre til at målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand ikkje blir nådd.»

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at Hamreelva er satt i moderat økologisk tilstand, med risiko om å ikkje nå miljømålet om god økologisk tilstand som følge av eksisterande vassuttak og

regulering av Gjerdsetvatnet. Konsesjon utan minstevassføring medfører stor risiko for at Hamreelva ikkje oppnår miljømålet om god økologisk tilstand, jf. vassforskrifta § 12. Moglegheita for og konsekvensane av å innføre minstevassføring bør bli greia ut nærare.

Fylkeskommunen viser til at Gjerdsetvassdraget historisk har vore eit viktig habitat for ål. Dagens status er ukjent, og konsekvensen tiltaka har hatt, og vil ha på ål bør greiast ut. Vidare bør ein greie ut kompenserande tiltak for å lette oppvandring, samt eventuelle habitatforbetrande tiltak.

Når det gjeld innlandsaure meiner fylkeskommunen at det bør bli undersøkt i kva grad reguleringa påverkar gytevandringa opp i tilsigsbekkene til Gjerdsetvatnet. Dersom desse avdekkjer vesentleg påverknad må ein vurdere avbøtande tiltak.

Fylkeskommunen meiner at dersom NVE, med omsyn til samfunnsnytte i form av ivaretaking av verdifulle sjøaure- og sjørøystammar, gjev konsesjon utan krav til minstevassføring, må dette vere eit tidsavgrensa løyve som berre gjeld så lenge føremålet er genbank. I det dette samfunnsoppdraget opphøyrer må konsesjonen ha standardvilkår om minstevassføring.

Rauma kommune ser viktigheita av å ha ein genbank som ivaretek villaksen. Kommunen støttar uttalane frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen, og meiner det er viktig at det vert oppretthalde ei minstevassføring i elva for å sikre at den økologiske tilstanden ikkje vert forverra.

FNF Møre og Romsdal viser til at ein konsesjon må følgje dagens krav til vilkår og det må setjast krav til minstevassføring med tanke på biologisk mangfald og sikre vandringsvegen for sjøaure og ål. FNF skriv følgjande konklusjon:

«Konklusjon

FNF Møre og Romsdal krev at det blir satt ei minstevassføring for Hamreelva og reguleringshøgde ikkje utover det historiske reguleringsintervallet i Gjerdsetvatnet. Minstevassføring må vere sikker slik at ei minste mengde vatn må renne over uansett anna vassbehov. Både minstevassføring i Hamreelva samt reguleringshøgde i Gjerdsetvatnet må kunne observerast visuelt av alle».

Jann Helge Stensland viser til privatrettsleg avtale mellom Hamre genbank og grunneigarar frå 2021. Denne avtalen kan fornyast med inntil 30 år. Vedtak om konsesjon må ta omsyn til dette.

Bygging av betongdemning i 1986 resulterte i høgare vasstand enn ved tidlegare steindemning, og førte til at delar av landbruksareala ved vatnet ikkje kan nyttast. HRV over kote 34,5 m blir økonomisk kompensert. Det er viktig for grunneigarar at HRV ikkje overstig HRV på 34,85 m og 35,0 m til dei ulike årstidene, jf. krav i den privatrettslege avtalen.

Dersom krav til måling av vasstand i konsesjonen vert målt andre stader enn ved Storholmen, må målingar kalibrerast til vasshøgda på austsida av Storholmen, jf. privatrettsleg avtale. Ved vedtak om konsesjon må det takast omsyn til dette.

Det blir vist til at ål vandrar opp Hamreelva til Gjerdsetvatnet. Ein ev. konsesjon må innehalde tiltak for å legge til rette for at ål kan vandre. Det blir vidare vist til at låg vasstand kring kote 33-33,5, som tidlegare var normalvasstand for vatnet, ikkje hadde negative konsekvensar for auren og gytevandring opp i innlaupselvene.

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har gitt ei detaljert tilbakemelding til kommentarar som har komme i høyringsrunda. NVE har trekt fram dei viktigaste punkta for konsesjonsbehandling av denne saka. Fullstendig uttale frå søkjar er som høyringsinnspela tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider.

Kommentarar knytt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sin uttale:

Innspel 1.2: *«Dersom det skal være kommersiell drift, så må en minstevannføring på plass. Det ønskes å få utredet hvilken regulering som må på plass for å sikre en minstevannføring.»*

Søkjar sin kommentar til 1.2: *« ... Basert på den antatte lineære ekstrapolingskurven for Gjerdsetvatnet under 35 moh, endres overflatearealet med 0,06 km² pr. høydemeter. Overflateareal Gjerdsetvatnet ved 35 moh. er på kart NN54 angitt til å være 0,611 km². Magasinvolument mellom kotene 35,00 og 33,85 er estimert til 0,68 mill. m³. Magasinvolument mellom kotene 34,85 og 33,85 er estimert til 0,58 mill. m³. For å sikre en minstevannføring lik 5-persentilene sommer (50 l/s) og vinter (60 l/s) for Gjerdsetvatnet, så må vatnet reguleres mellom kotene 35.00 (HRV) og 32.4 (LRV). ...»*

Innspel 1.3: *«Vannforskriften: uten minstevannføring er det risiko for at god økologisk tilstand ikke blir nådd.»*

Søkjar sin kommentar til 1.3: *«Se punkt 1.2, hvor utvidet regulering er beskrevet for å kunne oppnå minstevannføring i alle situasjoner. Dette vil altså gi en ytterligere senkning av Gjerdsetvatnet med ca. 1,5 m, og dermed en betydelig utvidet reguleringszone. Dette vil være negativt både med tanke på landskapshensyn, men også kunne påvirke fiskebestanden i vatnet. Økt regulering vil føre til dårligere produksjon av bunndyr i strandsonen, og dermed gi ørret dårlig mattilgang. Dette må veies opp mot hva som oppnås av økt miljøkvalitet i vassdraget mellom dammen og fjorden, ved slipp av minstevannføring.»*

Innspel 1.4: *«Påvirkning gytemuligheter sidebekker av regulering. Stilles spørsmål om dette kan være en utfordring.»*

Søkjar sin kommentar til 1.4: *«Jann Helge Stensland påpeker i sin uttalelse at foreslått regulering ikke vil være et problem for oppvandring i gytebekker. Mulig avbøtende tiltak foreslått i søknaden er derfor trolig ikke nødvendig.»*

Kommentarar knytt til Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale:

Innspel 2.2: *«Mener nedre del av Hamreelva er en gytestreking for anadrom fisk.»*

Søkjar sin kommentar til 2.2: *«Her vises det til Statsforvalters uttalelse om at elva er for liten og for stri for karakteriseres som potensiell laks- og sjøørretelv. Ved høy flo står også flomålet inn på strekningen som kan ha potensiale for anadrom fisk.»*

Innspel 2.3: *«Ber om utredning om status og konsekvenser for ål, samt forbedrende tiltak. Påvirker reguleringen gytevandring?»*

Søkjar sin kommentar til 2.3: *«Det er rimelig og tro at det er ål i vassdraget i dag, og at Gjerdsetvatnet er oppvekstområde for ål. Når det gjelder oppvandring er det ikke grunn til å tro at ål ikke kommer seg opp i vatnet. Det er nok minst like store barrierer i selve Hamreelva som dammen ved utløpet utgjør. ...»*

Innspel 2.4: *«Foreslår tidsbegrensning på konsesjon når det ikke forutsettes slipp av minstevannføring.»*

Søkjar sin kommentar til 2.4: *«Det er ikke ønskelig for tiltakshaver med tidsavgrensning av en konsesjon, men han foretrekker heller en formålsbegrensning i og med at det ikke er planer*

om slipp av minstevannføring. Slipp av minstevannføring vil medføre behov for et større magasin. En lavere LRV vil medføre et større reguleringsbelte som landskapsmessig er mer skjemmende, samt konsekvenser for vegetasjon og fisk.».

Kommentarar knytt til Jann Helge Stensland sin uttale:

Innspel 4.1: *«Problemstilling at det søkes om varig konsesjon, mens avtale med grunneierne varer i maks 30 år.».*

Søklar sin kommentar til 4.1: *«Tiltaket betinger at det foreligger en gyldig avtale med rettighetshaverne. Dagens avtale har gyldighet maks 30 år, men innen dens sluttdato kan det være at en ny avtale forhandles frem.».*

Innspel 4.2: *«Påpeker av vannstanden ikke må overstige HRV lik 34,85 / 35,0.».*

Søklar sin kommentar til 4.2: *«Det søkes om et manøvreringsreglement for HRV lik 35,00/34,85. Tiltakshaver vil i størst mulig grad tilstrebe at vannstanden ikke overstiger HRV, men i flomsituasjoner kan dette ikke kontrolleres fullt ut. Tiltakshaver vil prøve å ligge i forkant med nedtapping når det er varslet store nedbørsmengder og flom.».*

Innspel 4.4: *«Målested vannstand».*

Søklar sin kommentar til 4.4: *«Denne informasjonen taes med i de videre vurderingene vedrørende måling av vannstand. For øvrig vil et målearrangement og logging utføres iht. NVEs krav.».*

Kommentarar knytt til Rauma kommune og FNF Møre og Romsdal sine uttalar inngår/overlappar søklar sine kommentarar til innspel frå Statsforvaltar og/eller fylkeskommune.

Merknader innkomne etter synfaring

Det vart halde synfaring den 10.08.2022, der området vart synfare. Under synfaringa vart det gitt høve til å komme med supplerande merknadar innan tre veker. NVE har motteke følgjande merknad til søknaden etter synfaringa:

Tilleggsuttale frå FNF Møre og Romsdal

FNF viser til at slepp av minstevassføring må vere eit minimumskrav, og at vassbehovet må dimensjonerast ut frå naturen si tolegrense og ikkje berre ut frå utbyggjaren si interesse. Dei viser til at demninga utgjer eit unødvendig ferdselshinder for ål. Det vert også vist til at det under synfaringa kom fram at oppdemming har ført til vassjuk mark rundt vatnet. Dei meiner NVE bør vurdere å sette som vilkår å fjerne denne ferdselshindringa for ålen og til beste for betre landbruksdrift ved Gjerdsetvatnet.

4 NVE si vurdering

Det omsøkte tiltaket gjeld vidareføring og formalisering av vassuttak frå Gjerdsetvatnet. Anlegget er basert på gjennomstrøyming. Vatnet skal brukast til drift av genbank med produksjon av rogn og hald av stamfisk av laks og sjøaure. Dei fysiske inngrepa er allereie etablert, men det er søkt om å auke reguleringa frå dagens praktisering med 1,00 m regulering til 1,25 m regulering.

NVE behandlar vassuttak, regulering, og infrastruktur frå inntak og fram til genbank (inntak, dam og vassveg).

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Genbanken nyttar eit nedbørfelt på 9,1 km² ved inntaket og middelvassføringa er av søkjar berekna til 290 l/s. I eit tørt år og eit vått år er den gjennomsnittlege vassføringa høvesvis 167 l/s og 380 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 6,7 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vår- og haustflaumar. Lågaste vassføring opptrer gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 50 og 60 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 70 l/s.

Basert på dagens drift er vassbehovet 100 l/s i månadane oktober - april. I sommarmånadane mai – september er vassbehovet 130 l/s. Med tanke på sikkerheit og ein reservekapasitet for anlegget, vert det søkt om løyve til å ta ut vatn inntil 150 l/s (9 m³/min) heile året. Hamre genbank har sidan oppstart praktisert maks uttak av vatn på inntil 9 m³/min. Det vert opplyst at midlare uttak over året er 92 l/s (5,5 m³/min). Vassføring nedstrøms Gjerdsetvatnet etter midlare uttak utgjer ca. 69 % av naturleg midlare vassføring.

Gjerdsetvatnet har i mange år vore regulert mellom kote 34 (LRV) og 35 (HRV), noko som svarar til eit magasinivolum lik 0,61 mill. m³. Basert på vassbehov til genbanken og avtale med rettshavarar, vert det søkt om ei regulering av Gjerdsetvatnet mellom kote 35,00 (HRV) og 33,85 (LRV), noko som utgjer eit magasinivolum på 0,68 mill. m³. I tråd med avtale med rettshavarar skal vasstanden ikkje overstige 34,85 moh. i perioden 1. april - 1. september. Det er ikkje praktisert og det er heller ikkje no planlagt å sleppe minstevassføring forbi dammen. Dersom det blir sett krav til slepp av minstevassføring forbi dammen meiner søkjar at Gjerdsetvatnet må regulerast i større grad enn det som til no har vore gjort for å ha nok vatn til både genbank og minstevassføring..

Hamre genbank er heilt avhengig av å ha ein magasinert vassreserve i tørre periodar. Simuleringar basert på data for dei siste 30 åra (1991-2020) viser at det er nok vatn til genbanken med planlagt/omsøkt vassuttak også i tørrår.


Driftsstrategien er å halde vasstanden opp mot HRV for å sikre kapasitet av ferskvatn til genbanken. Dagens situasjon på påverka elvestrekning, blir bestemt av ferskvassuttaket for genbanken, samt overlaup/flaumvatn ved inntaksdammen. Det hydrologiske grunnlaget viser at vassføringa ut av Gjerdsetvatnet, med anlegget i drift, har gått ned samanlikna med naturtilstanden, særleg på sommaren då tilsiget er lågast og uttak av vatn er høgast, jf. figur nedanfor.

Kombinasjonen av lågt tilsig og relativt høgt uttak av vatn om sommaren gjer dette til perioden då magasinet i størst grad er seinka under HRV, og sjølv i fuktige år må det påreknast ei viss tapping av magasinet i tørre periodar på sommaren. Forskjellen er størst i dei tørraste åra. Beregningar viser at tal dagar der vassføringa er større enn midlare vassuttak til genbanken (5,0 m³/min i januar-april og 5,5 m³/min i mai-desember) er 166 dagar i eit tørt år, og 244 dagar i eit middels år og 244 dagar i eit vått år.

NVE vurderer at magasininkapasiteten er god og at tappestrategi der genbanken vert prioritert, utan slepp av minstevassføring, vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår. NVE meiner at omsøkt slukeevne tek vare på noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk ved at det er

overløy eit visst tal dagar i året. NVE meiner, som høyringspartane, at det likevel bør sleppast ei minstevassføring slik at vassdraget ikkje vert tørrlagt.

Berekna lågvassføringar for Gjerdsetvatnet er høge samanlikna med middelvassføring. NVE vurderer at krav til minstevassføring bør setjast noko lågare enn berekna lågvassføringar for å sikre ein magasinreserve og unngå auka regulering av Gjerdsetvatnet. Krav til minstevassføring er diskutert nedanfor under tema Naturmangfald.



Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit tørt år (2014) før og etter utbygging.

4.2 Naturmangfald

Sweco har i samband med søknad gjennomført feltarbeid med biolog den 28.05.2018. Det vert opplyst at det var gode forhold for kartlegging ved synfaringstidspunktet. Det er vidare gjort ei verdivurdering ut frå dagens situasjon og ei konsekvensvurdering av tiltaket. Prosjektområdet vert samla vurdert å vere av *noko til middels verdi* for naturmangfald.

4.2.1 Naturtypar

Gjerdsetvatnet er registrert som den viktige naturtypen «rik kulturmarkssjø», med viktig verdi (B) (Naturbase). Det er få vatn med utvikla ferskvassvegetasjon i kommunen. Ingen raudlista artar av planter er knytt til vatnet. Hamreelva renn ut i Hamrevågen, kor dei marine viktige naturtypane «bløtbunnsområder i strandsonen» (B-verdi - viktig) og «ålegrassamfunn» (C-verdi - lokalt viktig) (Naturbase) er registrert. Naturtypen «elvevannmasser» er raudlista (nært truga – NT) i raudlista for naturtypar (Artsdatabanken 2018). Denne naturtypen inkluderer alle vassførekomstar i Noreg med rennande vatn. Ut over dette er det ikkje registrert raudlista naturtypar i området.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre, og føresetnad om at reguleringa vert avgrensa til 1,15 meter, vurderer NVE at dagens forhold for dei registrerte naturtypane vert om lag uendra. NVE vurderer ut frå dette at dei registrerte naturtypane i liten grad vert påverka.

4.2.2 Artar

Karplantar, mosar og lav

Langs Hamreelva er det blandingsskog med mellom anna edellauvtre som ask (raudlista som VU-sårbar) og hassel, i tillegg til rogn, bjørk og platanlønn (SE på framandartslista). Det er høg kontinuitet i kantskogen, men sona er relativt smal og liten til å avgrensast som viktig naturtype. Det er funne ein

liten bestand av lavet lungenever, men elles ingen fuktkrevjande artar. Botnvegetasjonen er delvis rik, men ingen raudlista artar er registrert (anna enn ask). Elva grensar til dyrkamark og beitemark, med nitrogenkrevjande artar. Beitemarka har nokre tradisjonelle kulturmarks artar, som jordnøtt, men verkar i stor grad gjødsla. Mot sjøen er det ei lita stripe med strandeng.

Fugl og pattedyr

Når det gjeld fugl er det tidlegare påvist fleire raudlista artar i tilknytning til Gjerdssetvatnet, som fiskemåke (NT), sandsvale (NT), taksvale (NT) og makrellterne (EN) (Artskart). Gjerdssetvatnet er i tillegg truleg eit viktig leveområde for fleire vasstilknytte fuglar. Det vert rekna med at fleire fugleartar har leveområde i skogen langs elva og rundt Gjerdssetvatnet. Det er registrert oter (VU) i sjøen og i Gjerdssetvatnet, og denne nyttar truleg området til matsøk. Elles er det forventa eit dyre- og fugleliv som er typisk for regionen.

NVE vurderer at dei nemnde raudlista artane i liten grad vert påverka av tiltaket.

Fiskefauna og botnlevande virvellause dyr

Det er stor variasjon i vasshastigheit og substrat på påverka elvestrekning. Dette gir tilfredsstillande habitat for fleire organismegrupper, og det er derfor eit potensial for ein variert innsektfauna i elva. Det er ikkje utført undersøkingar av botndyr i elva. For botndyrsamfunnet er det forventa eit artsmangfald som er representativt for regionen. Sidan elva går tørr i periodar vil det likevel vere avgrensingar knytt til botndyrsamfunn.

Det er mogleg for laks (NT) og sjøaure å vandre frå sjøen og opp til naturleg vandringshinder om lag 50-100 m over flomålet. Substratet på denne strekninga består hovudsakleg av stor stein, medan tilgangen på eigna gytegrus er svært avgrensa. Det er ikkje gjennomført fiskeundersøkingar i samband med søknaden.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til ei fiskeundersøking frå 1983 som omtalar anadrom strekning slik: *«El-fiska strekning på ca. 30 m frå nedre gårdsvegbru og opp til nedlagt sag. Elva på nesten heile strekninga er stri og renn i små stryk og over svaberg. Enkelte kulpar innimellom. Tatt 3 fisk, mista 3. Elva er for lita og for stri til å karakteriserast som nokon potensiell laks- og sjøaureelv.»*.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at sjøauren nyttar mindre vassdrag enn laksen til gyte- og oppvekstområde, og at desse utgjer viktige biotopområder for sjøauren. Fylkeskommunen meiner at det må i størst mogleg grad bli sikra at potensialet for gyting og oppvekst på anadrom strekning blir ivareteke.

Under synfaring vart det vurdert at fisk kan vandre eit kort stykke, og at elva nedanfor nedre bilbru er påverka av tidevatn. Elva har i nedre delar eit grovt substrat med mykje stor stein og lite eigna gyte- og oppvekstområde. NVE vurderer at elva har låg verdi for anadrom fisk.

Gjerdssetvatnet har ein bestand av småvakse aure. Det kan sleppe seg fisk ned frå vatnet ved flaum, men desse har liten moglegheit til å komme seg opp i vatnet igjen på grunn av demning og vandringshinder i nedre del av elva. Som avbøtande tiltak i søknaden vert det nemnt følgjande: *«Det kan vurderes om lav vannstand danner hinder for gytende ørret i Gjerdssetvatnet. Dersom dette er tilfelle bør elveleie her tilordnes slik at forholdene blir bedret.»*.

Statsforvaltaren og fylkeskommunen viser til at det ikkje er nærare undersøkt i kva grad regulering av vatnet kan påverke gytemoglegheiter i sidebekkar til Gjerdssetvatnet. Dei meiner at dersom dette viser seg å vere ei utfordring bør det gjerast avbøtande tiltak slik som føreslått i søknaden.

Grunneigar Jann Helge Stensland skriv i sin uttale som ei generell opplysning til LRV: *«I perioden 1968 da kraftverket ble nedlagt til 1986 når ny støpt demning ble bygget var demningen åpen i mange år. Vannhøyden var da ca 33-33,5 m, naturlig avrenning. Denne lave vannstand hadde ikke negative konsekvenser for ørreten i vannet. Ørreten vandret opp i elvene oktober måned for å gyte.»*.

NVE vurderer ut frå opplysningane at tiltaket i liten grad vil påverke gytemoglegheitene i innløpsbekkar til Gjerdsetvatnet.

Når det gjeld ål, vert det i søknaden vist til at det ikkje er kjent at prosjektområdet har spesiell verdi for ål (VU), men det blir samtidig vist til at det ikkje kan utelukkast at Gjerdsetvatnet har verdi for ål. I høyringsrunda og under synfaring har det komme fram at vassdraget tidlegare var eit viktig vassdrag for ål, og at det framleis vandrar ål opp i vassdraget.

Grunneigar Jann Helge Stensland viser til at han har sett små ål (10-15 cm) på veg opp og over demningen, og at han sjølv for nokre år sidan fiska stor ål (70-100 cm) i Gjerdsetvatnet. Fylkeskommunen viser til at det ligg føre beretningar om at Gjerdsetvassdraget historisk har vore eit viktig habitat for ål. Dei meiner at konsekvensen tiltaka har hatt og vil ha på ål bør bli utgreia nærare. Det bør vidare bli greia ut eventuelle kompensierende tiltak for å lette oppvandring, samt eventuelle habitatforbetrande tiltak. Forum for natur og friluftsliv (FNF) viser til at det må vere nok vatn i Hamreelva til at ålen kan vandre oppover, samstundes som inntaket i Gjerdsetvatnet er slik uforma at ikkje all utvandrande ål dør på veg ut. Dei viser til at demninga utgjer eit unødvendig ferdselshinder for ål. Det vert også vist til at det under synfaringa kom fram at oppdemming har ført til vassjuk mark rundt vatnet. Dei meiner NVE bør vurdere å sette som vilkår å fjerne denne ferdselshindringa til beste for ålen og landbruksdrift ved Gjerdsetvatnet.

I den nye raudlista av 2021 har ål fått endra status frå sårbar (VU) til sterkt trua (EN) på grunn av populasjonsnedgang. Ålen nyttar innsjøane som oppvekstområde, og elvestrekningane i mindre vassdrag vil i første rekkje utgjere vandringsvegar. For å kunne vandre frå sjøen og opp i Gjerdsetvatnet vil ålen vere avhengig av overlaup eller flaumar som er store nok til å ha effekt på vassføringa. Ålen kan vandre ved låg vassføring eller lite vatn, men det er kjent at ålen si vandring helst skjer i nedbørperiodar sommar og haust med auka/høg vassføring. Slepp av minstevassføring vil auke dei lågaste og mest kritiske vassføringane gjennom året, men vil samtidig ta noko av magasinkapasiteten som vil gi noko auka nedtapping og seinare/mindre overlaup.

Vassinntaka til genbanken er plassert 150 m og 400 m frå dammen og med inntak på 5 m og 20 m djupne. Det er gitter over inntaka med lysopning 0,8 cm. NVE vurderer at det er lite truleg at ål vil bli dradd inn i inntaka.

I høyringsrunda er det fleire som meiner at det bør etablerast minstevassføring ut frå Gjerdsetvatnet med tanke på å sikre god økologisk tilstand for vassdraget og sikre vandringsvegen for ål. Det vert og bede om at NVE vurderer om det er eit alternativ å demme opp innsjøen meir, for å unngå at elva vert tørrlagt.

Berekna 5-persentilar for Gjerdsetvatnet, sommar 50 l/s og vinter 60 l/s, er relativt høge samanlikna med gjennomsnittsvassføring på 290 l/s og utgjer høvesvis 17 % og 21 %. Søkjar har fått berekna at for å sikre ei minstevassføring lik 5-persentilane sommar og vinter for Gjerdsetvatnet, så må vatnet regulerast 2,6 meter mellom kote 35,00 (HRV) og 32,4 (LRV).

Ut frå informasjon frå søknad, høyringsuttalar og synfaring vurderer NVE at elva frå Hamreelva har ein viktig funksjon som vandringsveg for ål, men at elva elles har avgrensa verdi som gyte- og oppvekstområde for aure og sjøaure. Vassføring i elva er vidare viktig for å ivareta produksjonen av botndyr og vasslevande insekt. Hamreelva er satt til moderat økologisk tilstand, med risiko om å ikkje nå miljømålet om god økologisk tilstand som følge av eksisterande vassuttak og regulering av Gjerdsetvatnet. NVE meiner det må vere eit mål å betre økologisk status. Vi meiner at det bør sleppast minstevassføring heile året for å oppretthalde noko av elva sin økologiske funksjon og sikre vandringsvegen for ål.

NVE vurderer at det er ulemper knytt til auka regulering av Gjerdsetvatnet med tanke på Gjerdsetvatnet sin funksjon som naturtype «rik kulturmarkssjø». Auka regulering vil og vere negativt for landskap og friluftsliv. For å unngå større regulering av Gjerdsetvatnet vurderer NVE at krav til

minstevassføring bør setjast noko lågare enn berekna lågvassføringar for å unngå å ta for mykje av magasinkapasiteten. NVE meiner at slepp av ei minstevassføring på 25 l/s heile året i dette tilfellet vil vere tilstrekkeleg til å ivareta vandringsvegen for ål og oppretthalde noko av elva sin produksjonskapasitet og økologiske funksjon. Det må leggest til rette for at ål kan vandre ved slepp av minstevassføring og små vassføringar ved bruk av åleleiarar (rør med kunststoffmatte/enkamat eller liknande) over dammen. Minstevassføringsslepp frå Gjerdsetvatn må konstruerast og plasserast slik at det også kan fungere som passasje for utvandrande ål. Det vert opplyst at det er montert sil/rist på vassinntaka med opning på 8 mm. Dette vil sikre at ål ikkje blir dradd inn i vassrøyra.

Eit krav til slepp av minstevassføring tilsvarande 25 l/s vil krevje om lag 10 cm av reguleringskapasiteten, eller 0,06 mill. m³ for å sikre minstevassføring i 28 dagar. NVE meiner det er rom for dette innanfor den omsøkte reguleringa av Gjerdsetvatnet på 1,15 m mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85. Dette er 15 cm større regulering en kva som er praktisert tidlegare. Magasinvolym ved 1,15 m regulering er på 0,68 mill. m³, mot tidlegare 0,61 mill. m³ ved 1,00 m regulering.

4.2.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 20.09.2023. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Hamre genbank si regulering og uttak av vatn frå vassdraget finst det ål (EN), og Gjerdsetvatnet er registrert som den viktige naturtypen «rik kulturmarkssjø» (B-verdi). Naturtypen «elvevannmasser» er raudlista (nært truga – NT) i raudlista for naturtypar. Det er elles ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar som vert direkte påverka av tiltaket. Tiltaket vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, dersom vandringsvegen for ål og produksjon av botndyr/insekt vert sikra ved slepp av minstevassføring.

NVE har også sett påverknaden frå reguleringa og vassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Gjerdsetvatnet og Hamreelva ligg i eit landbrukslandskap og grensar mot dyrka mark og beitemark. Det er spor langs Hamreelva etter tidlegare bruk, av sag og kornmølle. Området ved inntaksdammen

er allereie påverka, og ein kan her sjå dam og inntak til dagens vassuttak. Gamal røyrgate viser ikkje i terrenget. Vassleidning ligg langs eksisterande veg på sørsida av elva, og kryssar elva ved sjøen.

Gjerdsetvatnet er brukt av lokalbefolkninga til friluftsliv. Når det er forhold for det i vinterhalvåret blir vatnet brukt til skøyting. Vanlegvis ligg det is på vatnet frå slutten av november til mars. I sommarhalvåret blir vatnet brukt ein del til bading, padling og fiske. Det er ikkje tilrettelagt for friluftsliv langs vasskanten av Gjerdsetvatnet. Det er fleire hytter i området som har utsikt til Gjerdsetvatnet. Områda rundt Hamreelva har ikkje spesiell verdi for friluftsliv.

Det skal ikkje gjerast nye arealinngrep som kan gi verknad på landskap. Redusert vassføring i elva vil vere negativt, men elva er godt skjult av vegetasjon og lite synleg. Den største innverknaden på landskap vil vere sjølve reguleringa av Gjerdsetvatnet, som vil gi noko endra vasstand i løpet av året. Dette vil påverke landskapsbilete noko, då det vil bli ei blottlagt sone langs vatnet som kan sjåast når vatnet er nedtappa. Det er nokså ope landskap ned mot vatnet sett frå hovudvegen og bustadar/fritidsbustadar rundt vatnet.

Dam ved Gjerdsetvatnet, røyrtrase og vassinntak er installasjonar som allereie er bygd ut. NVE vurderer at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

4.4 Kulturminne

Det er avgrensa eit større område rundt Hamreelva, som busetting-/aktivitetsområde. Det er funn av flint i området som tyder på at det har vore tidleg busetnad og aktivitet i området. Vernestatus er uavklart. Ved utlaupet av elva til Hamrevågen er det registrert eit regionalt verneverdig kulturminne: «Sunnmørsrøysa». Dette er ei ballastrøys som fortel om historisk trelasthandel. Det er ingen automatisk freda kulturminne i området. Registrert tidlegare aktivitet i området fører til at det vert vurdert å vere potensiale for registrerte fornminne i influensområdet.

Det skal ikkje gjerast nye arealinngrep som kan påverke busetting-/aktivitetsområdet eller Sunnmørsrøysa. Det vert opplyst at arkeolog ved Møre og Romsdals fylkeskommune synfarte området vinteren 2017/2018. Potensiale for funn langs det planlagde tiltaket vart då vurdert til å vere lågt.

Fylkeskommunen viser til at det er eit visst potensiale for uregistrerte fornminne i området og graving kan medføre skade på eventuelle slike førekomstar. Dersom det vert gjort funn kor ein får mistanke om at det kan vere automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og forvaltningsmyndigheit kontaktast (j.f. kulturminnelova § 8).

NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

4.5 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

I følge informasjon frå utbygger er Gjerdsetvatnet som oftast islagt på vinteren. Tidspunkt for islegging varierer, men frå slutten av november og ut mars er ikkje uvanleg. Som ein følge av varierende vassføring ved inntaksbassenget til Hamre genbank, vil ev. is i inntaksområdet vere svak. Generelt er det lite isdanning og isgang i Hamreelva.

Hamreelva har i periodar med høg lufttemperatur noko varmare vatn, og tilsvarande vil ein i periodar med låg lufttemperatur ha noko kaldare vatn og meir isdanning. Temperaturendringa er antatt å vere marginal. Det er ikkje forventa noko nemneverdig endring i isforhold i høve dagens situasjon.

Lokalklimaet vil truleg ikkje endrast nemneverdig.

Det er vurdert at omsøkt tiltak ikkje vil føre til større endringar for vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

4.6 Grunnvatn, flaum og erosjon

Tiltaket påverkar delvis eit området med avgrensa grunnvasspotensiale. På elvestrekninga nedstraums inntaksdammen i Gjerdsetvatnet, er det redusert vassføring samanlikna med naturleg situasjon. Reduksjonen i middelvassføring vil medføre ubetydelege endringar for grunnvatnet. Tiltaket har ein liten positiv konsekvens på flaum.

I rapporten frå Sweco blir tiltaket vurdert til å få ubetydeleg konsekvens for grunnvatn, flaum og erosjon. NVE er samd og vurderer at tiltaket ikkje vil gi større negativ konsekvens for flaum og erosjon.

4.7 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Gjerdsetvatnet vert nytta som drikkevasskjelde for gardsbruket på Hamre. NGU sin grunnvassdatabase (GRANADA) viser at det er noko grunnvassressursar kring Hamrevågen og rundt Gjerdsetvatnet. Når det gjeld grunnvatn er uttaket til genbanken så lågt at det ikkje er venta å endre grunnvassnivået i området merkbart.

I rapporten frå Sweco blir tiltaket vurdert til å gi ubetydeleg påverknad på ferskvassressursar. NVE er samd i denne vurderinga.

4.8 Fordelar av tiltaket for samfunnet

Etter oppdrag for Miljødirektoratet har Hamre genbank i dag ansvaret for å ivareta to sjøaure og sjørøystammar frå Skibotnregionen, samt to sjøauretammar frå Drivaregionen. Det er fire tilsette ved genbanken. Disse arbeidsplassane, og oppgåva med å ta vare på fiskestammene har stor nytteverdi for samfunnet.

Statsforvaltaren framhevar betydinga av ein genbank og skriv følgjande i sin konklusjon: *«Det er naudsynt å sikre uttak av vatn til genbanken. Levande genbank for sjøaure og sjørøye blir drifta for å oppfylle nasjonale og internasjonale pliktar på miljøområdet. Genbankdrifta gjer det mogleg å ta vare på unike stammar og deira genetiske variasjon dei åra det blir gjort tiltak i dei respektive vassdraga. Det samfunnsmessige omsynet er derfor tungtvegande.»*

4.9 Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til genbanken må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på Hamre genbank sitt anlegg gjer det mogleg å ta vare på unike stammar av laks, sjøaure og sjørøye og deira genetiske variasjon. Inngrep med dam, vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta til landbasert oppdrett sidan 1987. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer at dei største ulempene er knytt til biologisk mangfald med tidvis tørrelegging av Hamreelva. NVE meiner at det bør sleppast ei minstevassføring slik at vassdraget ikkje vert tørrlagt.

Ut frå informasjon frå søknad, høyringsuttalar og synfaring vurderer NVE at Hamreelva har ein viktig funksjon som vandringsveg for ål. Vassføring i elva er vidare viktig for å ivareta produksjonen av botndyr og vasslevande insekt. NVE vurderer at krav til minstevassføring bør setjast noko lågare enn berekna lågvassføringar for å sikre ein magasinreserve og unngå auka regulering av Gjerdsetvatnet. NVE meiner at det bør sleppast minstevassføring på 25 l/s heile året for å betre økologisk tilstand for Hamreelva og sikre vandringsvegen for ål. NVE meiner det er rom for slepp av minstevassføring innanfor den omsøkte reguleringa av Gjerdsetvatnet på 1,15 m mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85.

Det må leggst til rette for at ål kan vandre ved slepp av minstevassføring og små vassføringar over dammen. Minstevassføringsslepp frå Gjerdsetvatn må konstruerast og plasserast slik at det også kan fungere som passasje for utvandrande ål. Med føresetnad om at slepp av minstevassføring og avbøtande tiltak for ål vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Hamre genbank løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Gjerdsetvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter ureiningslova.

6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av genbankmed andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

7 Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Reguleringsgrenser, uttak og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Middelvassføring	l/s	290
Alminnelig lågvassføring	l/s	70
5-persentil sommar	l/s	50
5-persentil vinter	l/s	60
Største vassuttak	l/s	150 (9 m ³ /min)
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	92 (5,5 m ³ /min)

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE (høgdesystem NN1954):

	HRV (kote)	LRV (kote)	Reguleringshøgde (m)
Gjerdsetvatnet	35,00	33,85	1,15

Tiltakshavar foreslår ei regulering av Gjerdsetvatnet med 1,15 meter mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85. I tråd med avtale med rettshavarar skal vasstanden ikkje overstige 34,85 moh. i perioden 1. april - 1. september.

FNF meiner at reguleringshøgda ikkje må gå utover det historiske reguleringsintervallet i Gjerdsetvatnet. Grunneigar Jann H. Stensland viser til avtale mellom Hamre genbank og grunneigarane og at det er viktig for grunneigarane at vasstanden ikkje overstig avtalen sitt krav til HRV på 34,85 m og 35,0 m til ulike årstider. I høyringsrunda var det elles ingen større merknader til reguleringsgrensene.

NVE meiner at ein liten auke i reguleringa til ei regulering på 1,15 meter, 1,00 meter i sommarsesongen, kan akseptrast for å styrke reguleringskapasiteten og gi rom for slepp av minstevassføring. NVE vurderer samstundes at gjennomsnittleg vassuttak ikkje bør overstige dei omsøkte 92 l/s for å ha tilstrekkeleg magasinkapasitet ved ei regulering på 1,00 meter i sommarsesongen. Av same grunn bør maks uttak på 150 l/s berre nyttast i korte periodar.

NVE fastset at Gjerdsetvatnet kan regulerast 1,15 meter mellom HRV kote 35,00 og LRV kote 33,85.

Uttak av vatn

Hamre genbank ynskjer å ta ut i gjennomsnitt 92 l/s (5,5 m³/min) og eit maks uttak på inntil 150 l/s (9 m³/s).

Ingen av høyringspartane har foreslått noko nærare grense for kva vassuttaket bør vere, eller kjem med særskilde merknader til uttak av vatn.

NVE vurderer at gjennomsnittleg vassuttak per månad ikkje bør ligge høgare enn 92 l/s (5,5 m³/min) for å sikre tilstrekkeleg magasinkapasitet. Dette gjeld spesielt om sommaren då reguleringa er avgrensa til 1,00 meter. NVE vurderer at det i kortare periodar kan takast ut inntil 150 l/s (9 m³/min) som omsøkt.

NVE fastset ut frå dette at gjennomsnittleg vassuttak over året ikkje skal overstige 92 l/s. Maks uttak av vatn skal avgrensast til 150 l/s, og skal berre nyttast i kortare periodar.

Slepp av vatn

Det blir i dag ikkje sleppt minstevassføring til utløpselva og tiltakshavar har ikkje foreslått slepp av minstevassføring. Rauma kommune, Statsforvaltaren, fylkeskommunen og FNF meiner alle at det bør sleppast minstevassføring ut frå Gjerdssetvatnet. Dette mellom anna for å sikre god økologisk tilstand for vassdraget og sikre vandringsvegen for ål. Statsforvaltaren ber om ei nærare vurdering av kva som skal til for å kunne sleppe minstevassføring. Det er ikkje talfesta noko krav til minstevassføring frå høyringspartane.

NVE er samd med høyringspartane og meiner at det bør sleppast minstevassføring for å oppretthalde noko av elva sin økologiske funksjon og sikre vandringsvegen for ål. NVE vurderer at dei berekna lågvassføringane for vassdraget er høge samanlikna med middelvassføringa, og meiner at krav til minstevassføring bør setjast noko lågare enn dette, for ikkje å ta for mykje av magasinkapasiteten i tørre periodar. NVE meiner at ei minstevassføring omkring det halve av berekna 5-persentil sommar, som er den mest kritiske perioden, vil vere tilstrekkeleg til å ivareta ein viss biologisk produksjon i elva og sikre vandringsvegen for ål. Det er liten skilnad i berekna lågvassføring for dei ulike årstidene og vi vurderer difor at det ikkje er naudsynt å differensiere minstevassføringa gjennom året.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 25 l/s heile året.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggst fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, regulering, dam og eksisterande røyrleidningar.

Detaljerte planer skal leggst fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Gjerdssetvatnet skal nyttast. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Eksisterande vassveg, som beskrive i søknaden, skal nyttast.
Største vassuttak	Maks uttak av vatn er avgrensa til 150 l/s (9 m ³ /min).
Gjennomsnittleg vassuttak	Gjennomsnittleg vassuttak er avgrensa til 92 l/s (5,5 m ³ /min).

Avbøtande tiltak	Søknaden oppgir at det for både ordinært inntak og reserveinntak er sett på ei rist/sil på kvart røyr i Gjerdsetvatnet. Lysopning på rista er 8 mm. Minstevassføringsslepp frå Gjerdsetvatn skal konstruerast og plasserast slik at det kan fungere som passasje for utvandrande ål. Det skal byggast åleleiar for oppvandrande ål forbi inntaksdammen. Nøyaktig, teknisk utforming av dei avbøtande tiltaka for ål skal planleggast i samråd med ein fagleg kvalifisert person. NVE har ansvar for endeleg godkjenning gjennom godkjenning av detaljplanen. Dokumentasjon på at tiltaka for ål fungerer etter hensikt skal leggast fram for NVE sitt miljøtilsyn etter første driftsår og deretter ved behov.
------------------	---

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

7.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

7.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

7.1.6 Post 10: Registrering av minstevassføring m.v.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

8 Vedlegg

Kart over området.

